

Har du nokon spørsmål?

Kontakt

Tlf.:

.....

E-post:

.....


Adr:

.....

Om du ikkje veit korleis du skal kome i kontakt med koordinerande eining, kan du spørje helsepersonell eller ringje sentralbordet i kommunen eller på sjukehuset

Om du meiner at du oppfyller krava til å få individuell plan og koordinator, men får avslag, kan du klage til Fylkesmannen.

Les meir om individuell plan og koordinator på www.helsedirektoratet.no og www.helsenorge.no




Ditt liv, din plan

Til deg som kan ha bruk for langvarige og koordinerte tenester

Individuell plan og koordinator kan vere noko for deg


Kva er individuell plan?



Individuell plan er ein prosess for korleis tenestene du treng, skal verke saman slik at du får ei heilskapleg oppfølging – tilpassa behova dine. Det som er viktig for deg, skal vere utgangspunktet for planarbeidet. Planen skal beskrive måla dine, kva som skal gjerast, kven som har ansvar for kva og til kva tid. Oppfølging frå andre sektorar som NAV, skule og barnevern, skal takast med i planen når det er aktuelt.

... og kva er ein koordinator?

Koordinator er ein av fagpersonane dine som koordinerer tenestene og sikrar framdrift i arbeidet med den individuelle planen din. Koordinator sørgjer for at du, og eventuelt pårørande, vert involverte tett i arbeidet med planen din. Ulike yrkesgrupper kan ha rolla som koordinator. Kva du ønskjer, skal vektleggjast ved val av koordinator.



Kven kan få individuell plan og koordinator?

- Alle som har bruk for fleire helse- og omsorgstenester over ei viss tid. Behovet treng ikkje vere varig.
- I vurderinga av behovet for langvarige og koordinerte tenester skal òg tiltak frå andre sektorar takast med.
- Personar i alle aldrar og utan omsyn til diagnosar og/eller type funksjonsutfordringar.

Kva vil det seie for deg å ha ein individuell plan og koordinator?



- Du vert involvert, og planen er basert på måla dine.
- Du har éin koordinator som har oversikt over situasjonen din.
- Du får ikkje nødvendigvis fleire tenester, men du får koordinerte tenester som samarbeider.
- Du avgjer kva opplysningar som vert delte mellom tenestene.

Du opplever at tenestene heng saman, slik at du kan nå måla dine

Korleis kan du få individuell plan og koordinator?

Personell i tenestene skal informere og tilby deg individuell plan og koordinator. Du eller dine pårørande kan òg sjølve be om det. Då kan du kontakte koordinerande eining i kommunen din*. Du kan få koordinator sjølv om du takkar nei til individuell plan.

Ligg du på sjukehus, skal sjukehuset tilby deg koordinator, melde behovet for individuell plan vidare til kommunen og ved behov vere med på å gjennomføre planen.

* Sjå informasjon om koordinerande eining på baksida

